



Panabi slept fri

Etter over to månader i arresten, skal den iranske filmskaparen Jafar Panahi («Sirkelen», «Den hvite ballongen») vera lauslatten mot kausjon på om lag 1,3 millionar kroner. Det var det statlege iranske fjernsynet som meldte dette i går. Jamvel om Panahi no er slept fri, vil han bli kalla inn til avhøyr framfor revolusjonsdomstolen på eit seinare tidspunkt. Filmskaparen byrja ein sveltestestrikk denne veka. Fengslinga var eit heitt samtaletema under filmfestivalen i Cannes, og særskilt nemnd i pristakketalen til Juliette Binoche.

Guri Kulås



FOTO: WIKIPEDIA

Kaos er Wertmüller

Ein kverulantisk samtale med filmskaparen Lina Wertmüller.

FILM

Av Guri Kulås (tekst) og Linda Bournane Engelberth (foto)

– Ho minner om ei italiensk Mia Berner, seier fotografen.

Det er sant. Ikkje berre ser du brillene før du ser kvinnen, den snart 84-årige filmskaparen og teaterdramatikaren har også den same sjarmen og intense energien som den avlidne nordiske poeten og filosofen Berner. Når ein legg til at Wertmüller sidan filmdebuten i 1963 alltid har skildra menneskelege livsvilkår som mottseingsfylde konfliktar mellom seksuelle drifter, økonomi og politikk, så tangerer også dei to kvarandre tematisk, som kunstnarar og debattantar. Filmtittelen «Kjærleik og anarki» (1973), med handlinga lagt til ein bordell under fascismen, er talande for wertmüllerske miljø og tema.

Oscar-kjendis

Lina Wertmüller skreiv seg inn i filmhistoria i 1977, då ho som aller fyrste kvinne vart nominert til Oscar i kategorien Beste regissør. Det var for den burleske forteljinga «Syv skjønnheter».

Filmen går føre seg under Mussolinis fasciststyre og følger mannen Pasqualino. Som i fleire av Wertmüllers beste filmar, er hovudrolla framifrå spela av Giancarlo Giannini. Sicilianaren Pasqualino er eit fjols, men det er han velsigna umedviten om sjølv. Han er parodien på den søritalienske machomannen, like poserande forfengeleg oppteken av si «ære» som av sin utsjånd. Han har sju sørstre å styra over, den eine styggare enn den andre. Då ei av dei byrjar å jobba for ein hallik, kjenner Pasqualino at han må forsvara familieæra og drepa halliken.

Pasqualino freistar på rygga laust, opportunistisk vis å åla seg ut av straffa. Ei rad skamlege situasjonar seinare, endar Pasqualino opp i ein nazis-



NYFIKEN: 83 år gammal er regissørlegenda Lina Wertmüller like nyfiken på mennesket som alltid. Journalisten må både gjera greie for eige etnisk

tisk konsentrasjonsleir, og her går opportunismen over i vondskap. Han set alt inn på å sleppa unna ved å forføra den kvinnelege leirvaka, som ser gjennom han som ei glasruta. Ho snur spelet til å utnytta han seksuelt, og på sadistisk vis få han til å utføra illgjeringar. Det går mot ein stygg slutt for Pasqualino.

Alle som har sett filmen, har

seinare freista å fortrengja konsentrasjonsleirseksen frå sitt visuelle minne – truleg med like lite hell som underteknna.

Kjønnskamp, nei!

I «Livet er herlig» problematiserer Wertmüller opportunismen under fascismen på eit rått vis. Og ho knyter det heile til ei kjend italiensk mannsrolle.

Men Lina Wertmüller vil helst ikkje snakka om korkje menn eller kvinner. Jamvel om dei macho, kåte mennene og dei masochistiske, ludderaktige kvinnene som går att i filmane hennar, er vanskeleg å unngå å spørja om.

– Det er det som interesserer meg *aller* minst, fryser ho, når Klassekampen møter ho i Oslo, i høve at Cinemateket viser ein retrospektiv serie med nokre av Wertmüllers viktigaste produksjonar.

Karnevaleske filmar

– Det som interesserer meg, er samfunnet.

Det er sant, utan å vera dekkande for alt i filmane hennar. Kjønnsrollene og -konfliktane i Wertmüllers filmar er ein slags «stand in» for klassekampen. I «Swept Away» (seinare innhaldstømt nyfilmatert av Guy Ritchie og Madonna) representerer til dømes den erobrane mannen og den erobra kvinnen proletariatet (han) og borgarskapen (ho). Men filmane hennar er også fulle av ønnska sjølvmotseiingar.

Filmkritikarar har ofte plasert Lina Wertmüller i den mellomeuropeiske, satiriske, karnevaleske tradisjonen. Og den folkelege komedien, der

«Berlusconi er berre ei orsaking som journalistar og kunstnarar skyv framom seg»

LINA WERTMÜLLER, FILMSKAPAR

CASH: «Cash» er inspirert av James Ellroy. Den beste filmatiseringa av Ellroys eigne romanar er Curtis Hansons «L.A. Confidential» fra 1997. Ein flettverks-film om politikkorrasjon, vald og mørke drifter.




GK

CASH: Ein sentral referanse for alle filmar om valdelege, skitne politimenn, korrupte politikarar, omsynslause entreprenørar og farlege overklassekvinner, er Roman Polanskis «Chinatown» (1974).



GK

Alters orden



oppdrag og filosofera over kvifor Hamlet er dansk.

høgt og lågt bytar plass og både blir karikerte. Ein tradisjon som Wertmüller også har med seg frå italiensk teater, der ho først byrja sin karriere.

Lina Wertmüller blir både omtala som kommunist, anarkist og ein slags feminist. Men ho er ikkje lett å setja i ås, og langt verre å plassera i eit norsk politisk landskap. Ikkje dess mindre er Wertmüller no svært oppteken av Noreg, og eit kvart spørsmål om hennar eigen filmkarriere, blir svara på med eit motspørsmål eller kommentar om Noreg.

Noreg er tilsynelatande langt meir eksotisk enn eit kreativt samarbeid med Fellini-

ni (Wertmüller var assistent på «8½») og det å vera ein del av gullalderen i italiensk film.

– Det var moro på 1960-talet, men det er moro i dag også, er hennar summariske kommentar.

Berlusconi – pøh!

– Korleis var det å vera kvinne bak kamera på 1960-talet jamfört med no? Du er jo enno, snart 50 år etter debuten, ei av få kvinner med ein internasjonal regissørkarriere, og Oscar for beste regi gjekk endeleg for første gong til ei kvinne i år. Kvifor er det slik?

– Anar ikkje! Det har aldri

Cannes-vinnarar på kino

Dei sentrale vinnarfilmane frå Cannes er sikra norsk kinodistribusjon. Distributøren Arthaus, som har tatt inn nesten alle Gullpalmevinnarar dei siste åra, har kjøpt rettane til «Uncle Boonmee Who Can Recall His Past Lives» av Apichatpong Weerasethakul. Dei har også kjøpt Grand Prix-vinnaren «Om Gud og menn» av Xavier Beauvois og vinnaren av Kritikarveka, den danske debatt-krigsdokumentaren «Armadillo» av Janus Metz. «Armadillo» får norsk kinopremiere i månadsskiftet august/september.

Guri Kulås



Foto: ARTHAUS

FAKTA

Lina Wertmüller:

- Italiensk filmskapar og teaterdramatikar fødd i 1926.
- Kjend for sine anarkistiske og uortodokse «feministiske» filmar, der sex og politikk står sentralt, men hennar satire er heller komiske og sjølvmotseiande enn dogmatisk.
- Mest kjend for Oscar-nominerte «Syv skjønnheter» (1977).
- Fyrste kvinne til å bli nominert til Oscar for Beste regi.
- I sitt 84. år er ho framleis aktiv film- og teaterskapar.
- Cinemateket i Oslo viser no ein retrospektiv serie med filmane hennar.

vore noko problem for meg å vera kvinne i filmbransjen. Det som er utfordringa med film, er å skaffa nok pengar.

– Nett den økonomiske utfordringa har vel ikkje vorte mindre i Italia heller. Og Berlusconi er ingen stor ven av filmbransjen ...

– Psh! Berlusconi er berre ei orsaking som journalistar og kunstnarar skyv framom seg. At vi blir styrt av høgrepolitiske knapt noko nytt i Italia. Problemet er at det ikkje lenger finst ei venstreside.

– Italiensk politikk har alltid vore lett å forstå.

– Ja, vel ...

– Vi vil alltid vera eit barn av det greske demokratiet. Eit demokrati fullt av skarpe kontrastar. Når folk røystar Lega Nord, så er det fordi partiet faktisk forsvarar arbeidarane! Slik er det i Italia. Vi har ikkje den olympiske harmonien de har her i Noreg.

Italiensk krut i Noreg?

Lina Wertmüller er fascinert av Noreg, av norsk jamstelling, av høg kvinnedel i arbeidsliv, storting og regjering, av låg kriminalitet og ro i gate. Alt dette må journalisten grava rundt i hjernen etter statistisk kunnskap om.

Oslo er også fri for andre storbyar sin nevrotiske puls, meiner ho å kjenna. Så no kunne ho tenkt seg å laga film i dette «annleilandet».

Det hadde vore noko. Vi kunne trengt ein provokativ filmskapar som interesserte seg for både sosioøkonomien og kjønnsrollene i Noreg.

guri.kulaas@klassekampen.no



TETNAR TIL: Mrado (Dragomir Mrsic) får kjenna at det er vanskeleg å skyta seg ut av kriminalitet.

Foto: NFD

Følg pengane!

FILM

Cash

(Snabba Cash, Sverige, 2010)

Regi: Daniél Espinosa

Manus: Maria Karlsson etter Jens Lapidus' roman

Med: Joel Kinnaman, Dragomir Mrsic,

Matias Padin Varela

Lengde: 2 t. 4 min.

melding



Moderne nordisk thriller.

Daniél Espinosa er mellom dei yngre svenske filmregissørane som har fortalt historier om Sverige sett frå synsstadion til andregenerasjons svenskar. Folk med innvandrarforeldre og føtene plasserte i to ulike kulturar. Dette er viktige element både i «Babylonsjukan» og den danskproduserte «Udenfor for kærligheden».

Identitet og opphav er også sentralt i «Cash». Men her er det ønsket å kvitta seg med den sosiale børa frå opphavet og skape seg ein ny identitet, som driv dei tre hovudpersonane: distrikts-guten J.W frå Norrland, som freistar å skli inn blant dei rikaste pappagutane på Stureplan. Den serbiske, eks-Arkan-blodsbroren og pengeinnkrevjaren Mrado, som styrer garderobepengane i det same utelivsstroket. Mrado vil vekk frå livet som muskelmann for å vera far for den åtteårige dottera si. Og, til sist, chilenaen Jorge, utbrytarkongen frå Kumla. Han er ekspert på kokain, som rikmannsdommen sniffar kilovis av, men også dødsdømd tystrar i det eks-jugoslaviske mafianettverket. Han ønsker å bli ein respektable son for

mora, og onkel for det nyfødde barnet til søstera. Universa til J.W., Mrado og Jorge overlappar kvarandre, og på eitt tidspunkt blir det klart for dei at ved hjelp av kvarandre kan dei kanskje bryta med fortida og bli dei mennene dei ønsker.

«Cash» er ein moderne actionthriller i høgt tempo av ein type vi har sett få av i Norden. Stockholm er ein kakofoni av svensk, spansk, serbisk og arabisk. Pengar er språket som sameinar, som skapar alliansar og som får folk til å svika kvarandre og gå under. Samstundes er filmen ambisiøs. Materialelet er sosiologisk orientert, motsett Nicholas Winding Refns «Pusher»-filmar til dømes. Regissør Espinosa lit også på at publikum forstår den visuelle telegramstilen, og kastar ikkje bort tid på å forklara seg verbalt frå A til Å. Det er effektfullt og på høgd med internasjonalt action-formspråk. Men filmen tar kanskje vel krappe svingar.

For lesarar av Jens Lapidus' bok, så har Maria Karlsson gjort eit imponerande arbeid med å komprimera og tilpassa handlinga til ein handterleg kinofilm, samstundes som hovudkarakterane er tekne vare på. Likevel kjerner ein at noko av konteksten i Lapidus' bok manglar: Utbroderinga av dei nære sambanda mellom den kvite og den svarte økonomien, mellom gamle høgstatusfamiliar og kriminelle bandar. Alt det som hevar Lapidus over ordinær krim og opp mot James Ellroy. Det forstyrrar også at J.W.s syster Camilla blir nemnt, utan at vi får forklart den viktige historia.

Guri Kulås

guri.kulaas@klassekampen.no